| Dato | Elevnummer | Kjønn | Det fyrste språket du lærte | Utkast: |
|---|---|---|---|---|
| Januar 2014 | p617 | jente gut [redacted] | Norsk Anna [redacted] | 2 |

# Bruk av TV- og dataspel av andre

Brukar du mykje av fritida di til spel? Me veit at stadig fleire bruker dataspel i fritida. Eg har spurt elevane i klassen min om kva dei meiner om TV og dataspel. No skal eg fortelja kva meiningar som kom fram og til slutt kjem mi meining.

Mange av elevane seier at TV- og dataspel kan vera sosialt, kjekt og lærerikt.



Mange meiner faktisk at dette er sosialt fordi du kan spela på multispelar-spel, ha LAN-party eller spele mot kvarandre. På den andre sida kan det og vera usosialt fordi du kan bli avhengig av spel. (det var faktisk ein gong ein ungdom fekk for lite mat og drikke fordi han spelte alt for masse og var avhengig). Det kan faktisk hende at du kan bli skada i hovudet eller så kan du (veldig sjeldan) få ein sjukdom som heitar eplepsi.

Nokre positive ting med dette er at du kan få nye venner, kan få betre fantasi, hjernetrim, kan vera gøy, har noko å gjera på og du kan lære mange nye språk. For eksempel engelsk, spansk og kanskje tysk.




Mange syntes at TV- og dataspill er negativt for eksempel at du kan bli avhengig, kan sløse pengar, påverking (Døme: Nokon har spelt eit skrekk spel og trur at det han har blitt skremt av kommer etter han).

Min meining er at spel er sosialt fordi ja, du kan få nye venner, og du kan bli betre kjent med vennene du har frå før. Det morosamaste med det er at det kan vere mykje komisk med å spele med andre. Eg syns ihvertfall at det er morosamt å spele med andre personer eg kjenner og ikkje kjenner. Det er også gøy å chatte med andre som eg ikkje kjenner og som eg kjenner. Av og til når eg chatter med folk blir eg betre kjend med dei.

